

Å forstå: 24. oktober er FN-dagen. Dei foreinte nasjonar blei etablerte i 1945 av 51 land og består i dag av 193 medlemsland.

Språkåret — FN-dagen

MENINGER

Jens Haugan

Hamar dialekt- og mållag



Seks språk er offisielle FN-språk: arabisk, kinesisk, engelsk, fransk, russisk og spansk. Disse er blant dei tretten mest talte språka i verda.

FN har mange arbeidsområde og står blant anna også bak menneskerettserklæringa: 30 fråsegner om kva ein meiner bør vere grunnleggjande rettar for alle menneske i verda. Ifølgje Wikipedia er menneskerettserklæringa omsett til over 330 språk, og har dermed Guinness-rekorden som det dokumentet som er omsett til flest språk.

■ Alle menneske i verda snakkar vanlegvis eitt eller fleire språk, og språk er heilt openbert det viktigaste verkemiddelet i all menneskeleg kommunikasjon, og ikkje minst når det gjeld «krig og fred og sann».

Språk opnar dører, men språk kan òg byggje murar. Menneskerettane er viktig for alle og den enkelte, og då er det viktig at ein skjønner innhaldet i det som står i denne erklæringa eller fråsegna.

Sånn sett spørst det om at ein skal skryte av at menneskerettserklæringa kom i Guinness-rekordboka med ca. 330 språk, når det finst mange tusen språk i verda. Kan ein rekne med at alle menneske i verda, frå alle dei



MANGFOLD: Seks språk er offisielle FN-språk: arabisk, kinesisk, engelsk, fransk, russisk og spansk. Mens menneskerettserklæringa er omsett til over 330 språk, skriv Jens Haugan.

FOTO: NTB SCANPIX

mange tusen språksamfunn, forstår minst eitt av dei 330 språka som fråsegnene omsette til?

Og er det nok at ein kan lese fråsegnene på eit anna språk, eller bør alle ha tilgang til ein versjon som er skriven på det språket ein sjølv kan best?

■ I innleiinga til menneskerettane står det (Wikipedia, nynorsk): «Fråsegna må alltid vere i tankane til den einskilde og dei styrande og få dei til å styrkje vørdraden for rett og fridom gjennom undervisning og oppseding. Dei skal syte for at fråsegna blir allment kjend og etterlevd både i medlemslanda og i tilsynsomsråda, og arbeide trufast med dette både på nasjonalt og internasjonalt grunnlag.»

Korleis kan noko «alltid vere i

” Korleis kan noko «alltid vere i tankane» viss det ikkje er på eit språk ein er trygg på?

JENS HAUGAN

tankane» viss det ikkje er på eit språk ein er trygg på?

■ No er jo dei fleste lesarane bokmålsbrukarar, og då er det kanskje naturleg å få denne teksten på bokmål (FN-sambandet):

«... for at hvert individ og hver samfunnsmyndighet, med denne erklæring stadig i tankene, skal søke gjennom undervisning og oppdragelse å fremme respekt for disse rettigheter og friheter, og ved nasjonale og internasjonale tiltak å sikre at de blir allment og effektivt anerkjent og overholdt både blant folkene i medlemsstatene selv og blant folkene i de områder som står under deres overhøyhet.»

■ Nokon trivst nok best med den eine versjonen, og nokon med den andre. Det viser kor viktig språk er, og kor viktig det er at relevant informasjon på ein eller annan måte er tilgjengeleg på det språket ein kan best.

Og då kan ein kanskje hugse på at det er ingen språk som er betre enn andre. Det beste språket er alltid det ein sjølv forstår best.

Å LYTTE INNOVE

Hva tro

■ Han brukte å si ulogisk å spørre om Gud, da kunne en spørre om en tror på kraften.

«Jeg vet at både ten og Gud finnes, men ikke oppfattes som en kan velge å avvise. Det er dess mange som har de sen.» sa han.

Han mente Gud som en åndsmakt i kjærlighet. Ingen vil du tror på kjærlighet.

Flere har hevdet kjærlighet. I ei av kjente salmer heter lighet (Gud) er ly kjærlighet (Gud) er Og i en annen salm sunget «for Gud selv het».

■ Tenk om det var ... «Når Gud er kjæ kjærlighet være Gud vel ingen som vil hev finnes ikke», eller «J på Gud».

Ja, dette sa han og overbevist om. Han at vi blir opplært til å melen er et sted bak er lett å få den forstå vi på norsk bruker mel om to forskjellig

Vår fysiske himme og stjerner, og er allti På engelsk kalles der gionens himmel he gelsk heaven, mens også den for himmel

Det gjør det ikke lærer at Jesus for opp len, og at Gud sitter i med Jesus på sin høy

Kona til en tidligere

SV OG BØNDENE

Anders

■ I debatten på NRK tober fortsatte Karin den valgkampen vel stort flertall har avvi

Men rett skal vær kvitterte ut støtten fått fra Hedmark Bon de borgerlige partier vi husker veiet og fun te.

Det er kanskje u manglende bakkeko en slik kampanje på e hvor all fornuft pekt regjeringsskifte, og i s for den næringen de presentere.